

## Den gamle gard får nytt element

31.03.2015



Slik tar det spennande gardsprosjektet seg ut akkurat no

**Familien Hermansen legg stor vekt på at den gamle garden på Neset som dei no restaurerer ikkje skal mista sitt særpreg, men samtidig er dei opne for nye element. Det får tunet i høgste grad, i form av eit 50 kvadratmeter stort tilbygg med front mot vest. Det vert knytt til hovedhuset med ein lukka forbindelse. I den seinare tid har vi fanga opp mange kommentarar til kombinasjonen av gammalt og nytt.**

**Det er ikkje mykje som avlar så mange kritiske merknadar som utforming av hus og det er tilfelle også i samband med dette prosjektet. Sivilarkitekt Tore Lahn hos fylkesmannen i Hedmark har teikna det.**

Byggherre Dag Hermansen har førebels ikkje fanga opp spesielle kritiske kommentarar og han ber om at ein ventar litt med dei - til prosjektet er fullført slik at ein kan bedømme heilheiten.

- Det vi har satsa på er å reisa eit moderne tilbygg med trekk ifrå det gamle, seier Dag som svinger hammaren saman med familiemedlemmer og dei innleide snikkarane også no i påskeveka.
- Vi er glad i det gamle men ynskjer å kombinera det med det nye, for å seia det på ein annan måte. Løysinga er ikkje nokon kopi men det har elementer frå det gamle og då tenkjer eg ikkje minst på takvinkelen.
- Vi har mellom anna høyrte kikk av store vindauge...
- Dei er valde fordi vi vil ha ljøs og luft, seier Dag som forsikrar at det spennande prosjektet skal vera fullendt 'ein gong til sommaren'

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen